



## Informasjon om Individuell plan og koordinator i Hareid kommune

Alle som har behov for **langvarige og koordinerte tenester**, har rett til å få utarbeida ein individuell plan dersom dei sjølv ønsker det.

**Formålet** med individuell plan og koordinator er:

- ✓ Sikre at pasient/brukar for heilskapleg, koordinert og individuelt tilpassa tenestetilbod
- ✓ Sikre pasient/brukar medverknad og innverknad
- ✓ Styrke samhandling mellom tenesteytar og pasient/brukar og ev. pårørande
- ✓ Styrke samhandling mellom tenesteytarar på tvers av fag, nivå og sektorar

### **Samtykke:**

Individuell plan skal ikkje utarbeidast utan ditt samtykke.

Innhaldet i planen:

- ✓ Ei oversikt over pasienten/brukaren sine mål, ressursar og tenestebehov
- ✓ Ei oversikt over kven som deltek i planarbeidet
- ✓ Informasjon om kven som er brukarkoordinator
- ✓ Ei oversikt over kva pasient/brukar, teneste- og bidragsytarar og evt. pårørande vil bidra med i planarbeidet
- ✓ Ei oversikt over aktuelle tiltak, omfang og kven som har ansvaret
- ✓ Ei skildring av korleis tiltak skal gjennomførast
- ✓ Informasjon om planperiode, tidspunkt for eventuelle endringar og revidering
- ✓ Ei oversikt over nødvendig eller ønskeleg samarbeid med andre tenesteytarar, institusjonar og etatar

**Den individuelle planen gir deg ikkje rett til tenester utover det som er regulert i lovverket elles.**

### **Koordinator i kommunen:**

For pasientar/brukarar med behov for langvarige og koordinerte tenester etter helse- og omsorgstenestelova, skal kommunen tilby koordinator, jf. helse- omsorgstjenesteloven § 7-2. Dette gjeld uavhengig av om pasient/brukar ønsker individuell plan.

Koordinatoren skal sørge for nødvendig oppfølging av den enkelte pasient/brukar. Koordinator skal også sikre samordning av tenestetilbodet og framdrift i arbeidet med individuell plan

### **Sampro – nettbasert individuell plan (IP):**

Sampro er eit elektronisk verktøy for å lette samarbeidet rundt IP, og det dekker dei lovpålagde krava til IP. Verktøyet kan nyttast som eit generelt samarbeidsverktøy der mange personar og instansar er involvert. Det er utvikla av Visma Unique i samarbeid med fleire fagmiljø og brukargrupper. I tillegg til IP, har også SamPro ulike samarbeidsverktøy som kalender, meldingsutveksling og dokumentarkiv.

Det er planeigar som bestemmer kven som skal ha tilgang til SamPro, og kva informasjon den enkelte skal få tilgang til. De må ha PC med tilgang til internett for å kunne nytte SamPro. Tilkoplinga er like sikker som ved bruk av nettbank.



---

[Les meir på helsedirektoratet sine sider.](#)

**Spørsmål vedrørende individuell plan kan rettast til:**

Einingsleiar for helse og koordinerande eining

Monica Svoren, tlf. 70 03 75 12, mobilnr. 958 91 286, e-post

[monica.svoren@hareid.kommune.no](mailto:monica.svoren@hareid.kommune.no)

